Under konklusjonen om årsberetningen konkluderer revisor på om årsberetningen etter revisors mening, er i samsvar med lov og forskrift. Kommunen skal bl.a. redegjøre for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten, jf. kommuneloven § 48 nr. 5. Samme bestemmelse har også andre krav til innholdet i årsberetningen. Videre stiller forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10 krav om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik. Kravene til innhold årsberetningen om økonomiske forhold er ytterligere konkretisert i KRS (F) nr. 6 Noter og årsberetning, jf. blant annet pkt. 3.2.

3.5 Beretning som avviker fra normalberetningen

Dersom revisor finner å måtte avgi en revisjonsberetning som avviker fra normalberetningen, skal revisjonsberetningen modifieres med bakgrunn i kravene i ISA 705 – "Modifikasjoner i konklusjonen i den uavhengige revisors beretning" og ISA 706 – "Presiseringsavsnitt og avsnitt om "andre forhold" i den uavhengige revisors beretning". Oppdaterte eksempler på avviksberetninger sendes ut i et eget informasjonsskriv.

4. Interkommunale selskaper

Lov om interkommunale selskaper har i motsetning til kommuneloven og den kommunale revisjonsforskriften, bestemmelser om ansvar for ledelsen. Revisorloven gjelder ikke for revisjon av interkommunale selskaper. Revisjonskomiteen mener at det ved revisjon av interkommunale selskaper, vil være riktig å legge til grunn plikten i revisorloven § 5-6 syvende ledd om å rapportere forhold som kan føre til ansvar for styret eller daglig leder. Rapportering av slike forhold gjøres i samsvar med ISA 250 – *"Vurdering av lover og forskrifter ved revisjon av regnskaper"* punkt 25-27, dersom forholdet har betydning for regnskapet, eller som *"andre forhold"* etter ISA 706 punkt 8.

For interkommunale selskaper som avlegger regnskap etter kommunale regnskapsprinsipper er det ikke krav om å omtale forutsetningen om fortsatt drift. Revisor vil derfor heller ikke ha noen plikt til å bekrefte opplysningene om forutsetningen om fortsatt drift. Det samme gjelder også interkommunale samarbeid etter kommuneloven § 27 som avlegger særregnskap.

Det er ikke krav om omtale av forutsetningen om fortsatt drift i årsberetningen for interkommunale samarbeid etter kommuneloven § 27 som avlegger særregnskap og IKS som avlegger regnskap etter kommunale regnskapsprinsipper, eksempel 4 og 7 synliggjør dette.

5. Stiftelser

Etter stiftelsesloven § 44 skal revisor uttale seg om stiftelsen er forvaltet og om utdelinger er foretatt i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig. Også denne uttalelsen skal være en positiv formulert uttalelse med betryggende sikkerhet. Uttalelsen tas inn under *"Uttalelser om øvrige lovmessige krav"* i revisjonsberetningen. Se også informasjonsskriv 05/2012 som gir veiledning til revisors vurderinger ved revisjon av kommunerelaterte stiftelser. For andre stiftelser som revideres av kommunerevisjoner henvises til veiledning om revisors uttalelse om forvaltning og utdeling i revisjonsberetningen for stiftelser, utgitt av Den norske Revisorforening hvor de krav som gjelder for forvaltning av og utdeling fra stiftelser generelt omtales.

6. Andre revisjonsberetninger

6.1 Fjellstyrer

Det er i de senere år ikke gitt nye forskrifter av betydning for fjellstyrenes regnskapsløsninger. Det er lagt til grunn at regnskapsreglene for fjellstyrer er et regelbasert rammeverk. Revisors øvrige oppgaver ved revisjon av fjellstyrer er tatt inn under *"uttalelser om øvrige forhold"*.

6.2 Vertskommunesamarbeid

Kommuner og fylkeskommuner kan organisere deler av virksomheten som vertskommunesamarbeid etter lovens kapittel 5A. Gjeldende regnskapsbestemmelser for kommuner og fylkeskommuner åpner ikke for at slike samarbeider kan utgjøre egne regnskapsenheter. I tråd med dette, er det ikke utarbeidet maler for vertskommunesamarbeid.

6.3 Revisjonsberetninger til andre regnskaper eller for spesielle formål

Komiteen har ikke tatt sikte på å utarbeide eksempelberetninger for alle de varianter av regnskaper og former for finansiell rapportering som kan forekomme. Selv om bestemmelsene om så vel regnskap som revisjon er forskjellige, må en revisjonsberetning være utformet innenfor rammen av ISA 700-serien for et regnskap med generelt formål eller innenfor rammen av ISA 800-serien for regnskap med spesielt formål - dersom revisor skal

kunne henvise til god kommunal revisjonsskikk, eventuelt til god revisjonsskikk, eller til internasjonale revisjonsstandarder.

Denne eksempelsamlingen er begrenset til revisjonsberetninger til fullstendige regnskap uavhengig av om det er et regnskap med generelle eller spesielle formål.

Uttalelser/revisjonsberetninger som ikke gjelder fullstendige årsregnskap vil bli tatt inn i eksempelsamlingen med revisjonsuttalelser.

For fellesnemder i forbindelse med kommunesammenslåinger har NKRF utarbeidet en egen sjekkliste for revisor, kontrollutvalg og sekretariat, som finnes på NKRF sine hjemmesider. Revisjonsberetningen er også omtalt der.

7. Hendelser etter balansedagen

Vi minner samtidig om at revisors oppfølging av hendelser etter balansedagen iht. ISA 560 – ”Hendelser etter balansedagen”, skal dekke tidsrommet frem til dato for revisjonsberetningen. Dato for skriftlige uttalelser fra ledelsen (fullstendighetserklæringen) må derfor ligge så nær opp til dato for revisjonsberetningen som mulig, jf. informasjonsskriv 2/2016.

8. Prinsipper, standarder og betegnelser

Hvilken revisjonsskikk som skal legges til grunn (*god kommunal revisjonsskikk* eller *god revisjonsskikk*) er ikke knyttet til regnskapsløsningen (*det regnskapsmessige rammeverket*). I en revisjonsberetning for et kommunalt foretak vil med andre ord begrepet *god kommunal revisjonsskikk* benyttes, selv om regnskapet føres etter regnskapslovens bestemmelser. Det samme vil gjelde for interkommunale selskaper.

Tabellen nedenfor viser den revisjonsskikk og regnskapsskikk/bokføringsskikk som skal legges til grunn for revisjon av årsregnskaper:

Nr	Regnskap	Regnskaps-prinsipp	Regnskapsskikk/ bokføringsskikk	Revisjonsskikk	Regnskaps-rammeverk
1	Kommuner og fylkeskommuner	Kommunalt regnskapsprinsipp	God kommunal regnskapsskikk og god bokføringsskikk	God kommunal revisjonsskikk	Rettvisende bilde (dekkende fremstilling)
2	Kommunale- og fylkes-kommunale foretak	Kommunalt regnskapsprinsipp	God kommunal regnskapsskikk og god bokføringsskikk	God kommunal revisjonsskikk	Rettvisende bilde (dekkende fremstilling)
3	Kommunale- og fylkes-kommunale foretak	Regnskapsloven	God regnskapsskikk og god bokføringsskikk	God kommunal revisjonsskikk	Rettvisende bilde

Nr	Regnskap	Regnskaps-prinsipp	Regnskapsskikk/ bokføringsskikk	Revisjonsskikk	Regnskaps-rammeverk
4	Inter-/ (fylkes-) kommunalt samarbeid (§ 27) – selvstendig rettssubjekt	Kommunalt regnskapsprinsipp	God kommunal regnskapsskikk og god bokføringsskikk	God kommunal revisjonsskikk	Rettvisende bilde (dekkende fremstilling)
5	Samkommune	Kommunalt regnskapsprinsipp	God kommunal regnskapsskikk og god bokføringsskikk	God kommunal revisjonsskikk	Rettvisende bilde (dekkende fremstilling)
6	Interkommunalt selskap (IKS)	Kommunalt regnskapsprinsipp	God kommunal regnskapsskikk og god bokføringsskikk	God kommunal revisjonsskikk	Rettvisende bilde (dekkende fremstilling)
7	Interkommunalt selskap (IKS)	Regnskapsloven	God regnskapsskikk og god bokføringsskikk	God kommunal revisjonsskikk	Rettvisende bilde
8	Kirkelig fellesråd	Kommunalt regnskapsprinsipp	God kommunal regnskapsskikk og god bokføringsskikk	God kommunal revisjonsskikk	Rettvisende bilde (dekkende fremstilling)
9	Menighetsråd	Kommunalt regnskapsprinsipp	God kommunal regnskapsskikk og god bokføringsskikk	God kommunal revisjonsskikk	Rettvisende bilde (dekkende fremstilling)
10	Fjellstyrer	Ingen særskilt regnskapsskikk	Ingen særskilt regnskapsskikk	God revisjonsskikk	Regelbasert rammeverk
11	Stiftelser	Regnskapsloven	God bokføringsskikk	God revisjonsskikk	Rettvisende bilde

Med hilsen

NKRFs revisjonskomité

Unn H. Aarvold
leder

Vedlegg: Normalberetninger i kommunal sektor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	13.02.17	03/17

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2016

Saksvedlegg: framlegg til årsmelding for kontrollutvalet 2016

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2016 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2016 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2016 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2016 frå kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 06.02.17

Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING

2016



KONTROLLUTVALET I
ETNE KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2016.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "***kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret***".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljas mellom representantane i kommunestyret. Etter valet i 2011 blei talet på medlem i utvalet auka til 5.

For valperioden 2015 - 2019 valde kommunestyret hausten 2015 følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer:

Leiar	Ståle Tungesvik
Nestleiar	Ragni Sunniva Fett
Medlem	Arild Stenberg
Medlem	Sigve Sæle
Medlem	Åse Langhelle

Varamedlemmer:

- 1. Pål Steinar Rullestad**
- 2. Nina Vierdal Vee**
- 3. Ivan Kaldheim**

Sigve Sæle hadde fritak frå politiske verv i 2016. Pål Steinar Rullestad møtte fast. Åse Langhelle hadde permisjon frå 21.06.16 og ut året. Arild Stenberg gjekk ut av utvalet 20.09.16 då han fekk fast tilsetjing i kommunen. Ivan Kaldheim blei vald som nytt fast medlem.

Utvalet består no av følgjande:

Faste medlemer:

Leiar	Ståle Tungesvik
Nestleiar	Ragni Sunniva Fett
Medlem	Ivan Kaldheim
Medlem	Sigve Sæle
Medlem	Åse Langhelle

Varamedlemer:

- 1. Pål Steinar Rullestad**
- 2. Nina Vierdal Vee**
- 3. Lars Ebne**

Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama. Ordføraren har møte- og talerett i utvalet.

Ordføraren har delteke på tre av møta i 2016 . Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Rådmannen har møtt på tre av møta.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2016

Kontrollutvalet har i 2016 hatt 4 møte fordelt på to om våren og to om hausten. Utvalet har hatt **24** (24) saker til handsaming, kor 6 (4) saker blei sendt til kommunestyret. 41 (37) saker har blitt lagt fram til orientering. Oversyn over sakene og orienteringssakene følgjer som vedlegg.

Møta i kontrollutvalet blir no haldne for opne dører etter lovendring 01.07.13. (Kommunelova § 77).

Ståle Tungesvik og Ragni Sunniva Fett deltok på fagkonferansen til NKRF på Gardermoen 3. – 4. februar og på Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland, i Sandnes 17. november.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGAVER

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 9. mai 2016, sak 07/16 kommunen sin årsrekneskap for 2015 til handsaming. I kontrollutvalet sin uttale til kommunerekneskapen blei det ikkje tatt atterhald eller presisering.

Utvalet gav slik uttale:

Etne kommune sin årsrekneskap for 2015 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 4,7 mill. kroner.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit netto driftsresultat på 5,0 mill. kroner. Det utgjør 1,5 % og er ei klår forbetring frå i fjor.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2015 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.15.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Etne kommune sin årsrekneskap for 2015.

Skatterekneskapen for 2015 vart lagt fram for utvalet til orientering i møtet den 08.02.16.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at da vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal innan utgangen av første året i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 25.10.16, sak 77/16.

Utvalet har handsama oppfølging av to tidligare forvaltningsrevisjonsrapportar i 2016. I møtet 08.02.16, sak 04/16 blei rapporten «Sjølvkost» følgd opp for andre gong. Utvalet tok rådmannen si tilbakemelding til orientering. Same rapport fekk også ein kort oppfølging i møtet 21.11.16, sak 20/16.

I møtet 21.11.16, sak 21/16 blei rapporten om «Styring av investeringar» følgd opp. Utvalet tok rådmannen si tilbakemelding til orientering.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller eigde saman med andre kommunar. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2016-2020 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 25.10.16, sak 78/16.

Utvalet har ikkje bestilt eller handsama rapportar frå selskapskontrollar dette året.

4.4 TILSYN MED REVISOR

KPMG AS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Willy Hauge med kontor på Stord.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2015 ny anbudskonkurranse om revisjonstenestene for perioden 2016-2020.

Kommunestyret følgde kontrollutvalet si innstilling om å velje Deloitte AS som kommunen sin revisor i møte 15.12.15, sak 100/15 for dei neste fire åra. Kommunen har opsjon til å forlengje avtalen med 2 år.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Else Holst-Larsen med kontor i Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det har vore revisor til stades på alle utvalsmøta. Dei har mellom anna presentert plan for rekneskapsrevisjon, overordna analysar og planer for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Utvalet har handsama revisor si eigenerklæring.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker gjennom året og om framlegget til budsjett og økonomiplan.

Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, tertialrapportar, budsjettvedtak, KOSTRA-tall osv.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2016.

TENESTE 1100	REGNSKAP 2015	BUDSJETT 2016 (utvalet)	REKNESKAP 2016
Godtgjersle og driftsutgifter	59 507	86 000	85 438
Revisjonstenester	291 056	348 000	266 212
Sekretariatstenester	153 000	159 000	159 000
Sum utgifter (eks.mva.)	503 563	593 000	510 650

Kontrollutvalet handsama hausten 2016 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2017. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 627 000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

4.7 SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 11 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med fire revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore rådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Etne kommune er Ståle Tungesvik vald til representantskapet i IKS'et med Ragni Sunniva Fett som varamedlem. Tungesvik var til stades på representantskapsmøtet 25.04.16.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2016 har vore som planlagt. Ny Overordna analyse for forvaltningsrevisjon og for selskapskontroll blei utarbeidd i samarbeid med revisor. Utvalet har utarbeidd og innstilt til kommunestyret ny plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 og ny plan for selskapskontroll 2016-2020. To tidligare revisjonsrapportar har blitt følgd opp. Det er bestilt ein prosjektplan om «Sjukefråvær» for bestilling og levering i 2017. Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Etne, 13. februar 2017

Ragni Sunniva Fett

Ståle Tungesvik
Leiar

Ivan Kaldheim

Åse Langhelle

Pål Steinar Rullestad
1. vara

VEDLEGG

OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

Saker til handsaming:

- 01/16 Godkjenning av protokoll frå møte 23.11.15
- 02/16 Referat- og orienteringssaker 08.02.16
- 03/16 Årsmelding for kontrollutvalet 2015
- 04/16 Ny oppfølging av revisjonsrapport om «Sjølvkost»

- 05/16 Godkjenning av protokoll frå møte 08.02.16
- 06/16 Referat- og orienteringssaker 09.05.16
- 07/16 Etne kommune - uttale til årsrekneskapen for 2015
- 08/16 Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016-2020 – overordna analyse - risikospill
- 09/16 Synleggjering av kontrollutvalet sitt arbeid

- 10/16 Godkjenning av protokoll frå møte 09.05.16
- 11/16 Referat- og orienteringssaker 19.09.16
- 12/16 Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
- 13/16 Plan for selskapskontroll 2016-2020
- 14/16 Revisor si egenerklæring 2016
- 15/16 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2016
- 16/16 Kontroll og tilsyn – budsjett for 2017 – utvalet sitt framlegg

- 17/16 Godkjenning av protokoll frå møte 19.09.16
- 18/16 Referat- og orienteringssaker 21.11.16
- 19/16 Oppfølging av rapport etter forvaltningsrevisjon – «Styring av investeringar»
- 20/16 3. gangs oppfølging av revisjonsrapport - «Sjølvkost»
- 21/16 Orientering om framlegget til budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020
- 22/16 Interimsrevisjon Etne kommune 2016
- 23/16 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 24/16 Framlegg til møteplan for 2017

Saker til orientering:

1. Statusrapport pr. februar 2016
2. Rapport frå haustkonferansen i Sandnes
3. Rapport frå NKRF-konferansen
4. K-styrevedtak 15.12.15, sak 99/15 – Fritak frå politisk verv – Sigve Sæle
5. K-styrevedtak 15.12.15, sak 100/15 – Val av revisor 2016-2020
6. Evaluering og val av leverandør – Anbud på revisjonstenester 2016-2020
7. Årsrapport 2015 - skatteoppkrevjaren i Etne kommune
8. Skatterekneskapen 2015
9. Kommunal rapport 19.01.16 – skatteinntektene 2015 – landsbasis
10. Kommunal rapport 19.01.16 – skattetallene for den enkelte kommune
11. Fylkesmannen i Hordaland – rapport frå tilsyn Etne omsorgssenter 2015
12. eINFO 16/1 – Talerett i kommunale organ
13. Referat frå møte i Kommunesektorens etikkutval 23.11.15
14. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.12.15
15. Årshjul – kontrollutvalets oppgåver
16. Statusrapport pr. mai 2016
17. Kontrollrapport 2015 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen – frå Skatteetaten
18. Representantskapsmøte 01.04.16 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland
19. Representantskapsmøte 27.04.16 - Interkommunalt arkiv Hordaland
20. Representantskapsmøte 29.04.16 – Haugaland Vekst IKS
21. Representantskapsmøte 23.05.16 – Krisesenter Vest IKS
22. Representantskapsmøte 25.05.16 – HIM IKS
23. Protokoll frå representantskapsmøte - Haugaland
Kontrollutvalgsssekretariat IKS
24. Kommunelovutvalet har overlevert forslag til ny kommunelov – NKRF nytt
10.03.16
25. Høring – NOU 2016:4 Ny kommunelov
26. Inhabil som styremedlem? - Kommunal Rapport 04.04.16
27. Statusrapport pr. september 2016
28. Vederlagsberekning ved opphald i institusjon - vedtak i Pårøranderrådet,
sak 07/16
29. K-styrevedtak 21.06.16, sak 58/16 – permisjon for Åse Langhelle
30. Søknad om fritak frå vervet i kontrollutvalet frå Arild Stenberg
31. Spørsmål om styremøte i et IKS – uttale frå KMD 04.04.16
32. Orientering om vederlagsberekning ved opphald i institusjon v/rådmannen
33. Statusoversikt pr. november 2016
34. K-styrevedtak 20.09.16, sak 69/16 – søknad om fritak frå Arild Stenberg
35. K-styrevedtak 25.10.16, sak 77/16 – Plan for forvaltningsrevisjon 2016-
2020
36. K-styrevedtak 25.10.16, sak 78/16 – Plan for selskapskontroll 2016-2020
37. Innkalling til representantskapsmøte 01.12.16 – HIM IKS
38. Invitasjon – FKT i Rogaland - Haustkonferanse 17.11.16 i Sandnes
39. Kommunal Rapport 29.09.16 – om revisjonsutgifter
40. KOSTRA-tall vedr. funksjon 110 – Kontroll og revisjon –
41. Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) – høringsuttalelse til NOU: 4 Ny
kommunelov

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	13.02.17	04/17

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «SJUKEFRÅVÆR»

Saksvedlegg: «Sjukefråvær» – prosjektplan frå Deloitte AS

Saksorientering:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 21.11.16, i sak 23/16:

Etne kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sjukefråvær» i neste møte.

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på 250 timar. Det inkluderer førebuing, utarbeiding av prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetsikring av rapport.

I utvalet sitt framlegg til budsjett er det lagt inn ca. 250 timar til kjøp av revisjonsrapportar i 2017.


Revisor skriv at arbeidet med prosjektet vil kunne starte opp i mars 2017 og anslår at rapporten vil kunne leverast i september 2017.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Sjukefråvær» i samsvar med vedlagte prosjektplan/og med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Deloitte AS innafor ei rame på 250 timar.

Aksdal, 06.02.17



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær



Forvaltningsrevisjon | Etne kommune
Sjukefråvær
Prosjektplan/engagement letter

Februar 2017

«Forvaltningsrevisjon av
sjukefråvær – prosjektplan»

Februar 2017

Prosjektplan utarbeidet for Etne
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 51 21 81 00
www.deloitte.no

Innhold

1. Føremål og problemstillingar	4
1.1 Bakgrunn	4
1.2 Føremål og problemstillingar	4
2. Revisjonskriterium	5
2.1 Innleiing	5
2.2 Krav i lov og forskrift	5
2.3 Kommunale styringsdokument og vedtak	8
3. Metode	9
3.1 Dokumentanalyse	9
3.2 Intervju	9
3.3 Elektronisk spørjeundersøking	9
3.4 Gjennomgang av statistikk	9
3.5 Verifisering og høyring	9
4. Tid og ressursbruk	10
4.1 Nøkkelpersonell	10
4.2 Ressursbruk	10
4.3 Gjennomføringsplan	10

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har med utgangspunkt i bestilling frå kontrollutvalet 21.11.2016, i sak 23/16 utarbeidd prosjektplan for forvaltningsrevisjon av sjukefråvær i Etne kommune.

Etne kommune er ei IA-bedrift og har dermed forplikta seg til å arbeide systematisk for å nå måla i avtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv. Dette inkluderer å førebyggje sjukefråvær, auke fokuset på jobbnærværet og hindre utstøyting frå arbeidslivet.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke korleis Etne kommune arbeider med å redusere sjukefråværet i kommunen og om arbeidet blir utført i samsvar med regelverk, kommunale rutinar og inngåtte avtalar.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkte:

1. Har kommunen utarbeidd tydelege mål og indikatorar knytt til arbeid mot sjukefråvær?
2. I kva grad når Etne kommune dei måla som er sett knytt til sjukefråvær innanfor dei ulike sektorane?
3. Har kommunen tilstrekkeleg god oversikt over sjukefråvær og årsakar til sjukefråvær i eigen organisasjon?
4. Korleis har kommunen organisert arbeidet med å redusere sjukefråværet?
 - a) Kva tiltak har kommunen sett i verk for å redusere sjukefråvær?
 - b) Korleis blir ev. tiltak følgt opp og korleis blir effekten av tiltaka målt?
5. I kva grad følgjer kommunen opp dei sjukemeldte i samsvar med regelverket og egne rutinar?
6. Har kommunen tilstrekkeleg oversikt over kostnader knytt til sjukefråvær?
 - a) Kva kostnadsomfang har sjukefråvær i kommunen?
 - b) Har kommunen eit tilfredsstillande system for å sikre refusjonar frå NAV for sjukefråvær?
7. Kva konsekvensar har sjukefråvær for bemanning og bruk av vikarar i Etne kommune?

2. Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleidd av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje utøymande for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Krav i lov og forskrift

2.2.1 Overordna oppfølging

Arbeidsgjevar har etter arbeidsmiljølova eit ansvar for å sikre at det er tatt omsyn til arbeidstakarane si helse, miljø og tryggleik, og for å sørge for at det blir utført systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid (HMT) på alle plan i verksemda¹. Etter internkontrollforskrifta har arbeidsgjevar også eit ansvar for å sikre at verksemda sine aktiviteter blir planlagt, organisert, utført og halde ved like i samsvar med krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgivinga². Det blir spesielt stilt krav til systematisk arbeid med oppfølging av sjukefråvær. Etter regelverket skal helse- miljø- og tryggleiksarbeidet omfatte følgande:

- «a) fastsette mål for helse, miljø og sikkerhet,
- b) ha oversikt over virksomhetens organisasjon, herunder hvordan ansvar, oppgaver og myndighet for arbeidet med helse, miljø og sikkerhet er fordelt,
- c) kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risikoforholdene i virksomheten, utarbeide planer og iverksette tiltak for å redusere risikoen,
- d) under planlegging og gjennomføring av endringer i virksomheten, vurdere om arbeidsmiljøet vil være i samsvar med lovens krav, og iverksette de nødvendige tiltak,
- e) iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av denne lov,
- f) sørge for systematisk arbeid med forebygging og oppfølging av sykefravær,
- g) sørge for løpende kontroll med arbeidsmiljøet og arbeidstakernes helse når risikoforholdene i virksomheten tilsier det, jf. bokstav c,
- h) foreta systematisk overvåking og gjennomgang av det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet for å sikre at det fungerer som forutsatt.»

Et slikt HMT-system skal ifølge Arbeidstilsynet beskrive rutinar og tiltak som kan førebygge utstyting og arbeidsrelatert sjukdom, og arbeidsgjevar har eit ansvar for å legge til rette for at arbeidstakarar med ulike helseføresetnadar skal kunne vere i arbeid³. Samtidig peiker både

¹ Arbeidsmiljølova (§ 3-1)

² Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (§§ 3 og 4)

³ Arbeidstilsynet: Tilrettelegging og oppfølging av sykemeldte.

<http://www.arbeidstilsynet.no/fakta.html?tid=78249>

arbeidsmiljølova og internkontrollforskrifta på at HMT-arbeidet skal utførast i samarbeid med arbeidstakarane og arbeidstakarane sine representantar.⁴

Vidare skal arbeidsgjever ifølge arbeidsmiljølova § 5-1 og folketrygdlova § 25-2 føre statistikk over sjukefråvær og fråvær ved barn sin sjukdom. Arbeidsgjevar skal også føre statistikk over alle personskadar som oppstår under utføring av arbeid, samt sjukdom som ein antar er eit resultat av arbeidet eller forholda på arbeidsplassen. Fråvær i samband med barn sin sjukdom skal ikkje bli rekna som sjukefråværsdagar i statistikken⁵.

I Forskrift om føring av statistikk over sykefravær og fravær ved barns sykdom (FOR 1997-03-25 nr. 272), § 2 står det vidare at:

«Formålet med føring av sykefraværstatistikk er å sette søkelyset på sykefraværet på arbeidsplassen. Sykefraværstatistikken skal bidra til at arbeidsgiveren og arbeidstakeren i samarbeid kan iverksette og evaluere tiltak for å redusere sykefraværet.»

I forskrifta § 6 står det også at:

«Sykefraværstatistikken skal for øvrig brukes på arbeidsplassen.»

Verksemder med meir enn 50 tilsette skal etter arbeidsmiljølova § 7-1 ha eit arbeidsmiljøutval (AMU). Blant AMU sine oppgåver ligg mellom anna at utvalet skal følgje utviklinga i spørsmål som angår arbeidstakarane sin tryggleik, helse og velferd. AMU kan også handsame spørsmål om arbeidstakarar med redusert arbeidsevne. Utvalet skal også gjennomgå alle rapportar om yrkessjukdommar, arbeidsulykker og tilløp til ulykker for å søke å finne årsaker, og hindre gjentakning. Vidare skal AMU gjennomgå alle rapportar om yrkeshygieniske undersøkingar og måleresultat⁶.

2.2.2 Oppfølging av sjukmeldte arbeidstakarar

Arbeidsgjevar er etter arbeidsmiljølova § 3-1 mellom anna pålagt å sørge for oppfølging av sjukefråvær.

Etter § 4-6 i arbeidsmiljølova skal arbeidsgjevar så langt det er mogleg sette i verk naudsynete tiltak for at ein arbeidstakar som har fått redusert arbeidsevne som følgje av ulykke, sjukdom, slitasje o.l. skal kunne halde på eller få eit passande arbeid. Vidare går det fram at arbeidsgjevar i samråd med arbeidstakar seinast fire veker etter at arbeidstakar har blitt heilt eller delvis borte frå arbeidet, skal ha utarbeidd ein oppfølgingsplan for tilbakeføring til arbeid. Planen skal innehalde ei vurdering av den sjukmeldte sine arbeidsoppgåver og arbeidsevner. Planen skal også innehalde aktuelle tiltak i regi av arbeidsgjevar, aktuelle tiltak med bistand frå myndigheitene og plan for vidare oppfølging. Arbeidsgjevar skal sende oppfølgingsplanen til sjukemeldar så snart den er utarbeidd, og til NAV.

Vidare går det fram av fjerde ledd i § 4-6 at arbeidsgjevar skal kalle inn arbeidstakar til eit dialogmøte om innhaldet i oppfølgingsplanen. Dette skal gjerast seinast innan sju veker, med mindre dette er openbart unødvendig. Bedriftshelsetenesta skal vere representert i møtet og sjukemeldar skal delta i møtet med mindre arbeidstakar ikkje ønskjer det eller det ikkje vert opplevd som hensiktsmessig. Arbeidsgjevar skal gi informasjon til NAV om oppfølgingsplan og dialogmøtet.

4 I ein kommentar til Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter § 4 annet ledd blir det vist til at dette både er ein rett og ei plikt som arbeidstakar har.

5 NAV: Veiledning for føring av statistikk over sykefravær og fravær ved barns sykdom. Dato 16.01.07. Versjon frå RTV sist endra januar 2002, korrigerert versjon 15.02.2007.

6 Arbeidsmiljølova § 7-2, 1, 2 og 3. ledd

Av NAV sin rettleiar «Slik følger du opp sykemeldte»⁷ går det vidare fram at oppfølgingsplanen skal oppdaterast i dette møtet.

Innan ni veker skal arbeidsgjevar sende oppfølgingsplanen til NAV, saman med rapporteringsskjema med informasjon om oppfølgingsarbeidet.

Dersom sjukemeldinga vedvarer skal NAV innkalle til eit dialogmøte 2 seinast innan 26 veker. Både arbeidstakar og arbeidsgjevar er pliktig til å delta, mens sjukemeldar og anna helsepersonell skal delta viss det er hensiktsmessig. Dersom arbeidstakar, arbeidsgjevar, sjukemeldar eller NAV meiner det er behov for det, skal dialogmøte 2 framskundast, og det er mogleg å be om eit dialogmøte 3. NAV skal følgje opp med sanksjoner overfor dei som ikkje følgjer opp sitt ansvar i oppfølgingsarbeidet.

Oppfølgingspliktene gjeld uavhengig av om arbeidstakar er heilt eller delvis sjukmeldt.

Det går fram av rettleiaren frå NAV at det skal utarbeidast oppfølgingsplan og gjennomførast dialogmøte, med mindre det er openbart unødvendig. Slike unntak vil vere for eksempel dersom arbeidstakar mest sannsynlig vil komme tilbake utan tilrettelegging, eller dersom det kan slåast fast at vedkommande ikkje vil vere i stand til å komme tilbake i arbeid. Arbeidstilsynet viser også til at i dei tilfella ein arbeidstakar ikkje vil medverke, vil arbeidsgjevar bli rekna som fritatt frå plikta til å utarbeide ein oppfølgingsplan.

2.2.3 Refusjon av lønn/sjukepengar

Ved sjukefråvær skal arbeidsgjevar ifølgje folketrygdlova § 8-19 betale sjukepengar i ein periode på opptil 16 kalenderdagar (arbeidsgjevarperioden). Dette føreset at arbeidstakaren har tent opp rett på sjukepengar.

En arbeidsgjevar som betaler ut lønn/sjukepengar utover arbeidsgjevarperioden kan krevje refusjon frå NAV etter folketrygdlova § 22-3. Refusjon kan bli gitt for opptil tre månadar før kravet blei sett fram, jf. folketrygdlova § 22-13.

Av folketrygdloven § 8-20 går følgande fram:

«Dersom en arbeidstaker har langvarig eller kronisk sykdom som medfører risiko for særlig stort sykefravær, kan arbeidstakeren selv eller arbeidsgiveren søke om at trygden dekker utgiftene til sykepenger i arbeidsgiverperioden. Det samme gjelder for en arbeidstaker som har en sykdom som medfører risiko for gjentatte sykefravær i en begrenset periode. (...)»

Vidare går det fram at:

«Dersom en arbeidstaker er sykmeldt på grunn av svangerskapsrelatert sykdom, og tilrettelegging eller omplassering til annet arbeid i virksomheten ikke er mulig, kan arbeidstakeren selv eller arbeidsgiveren søke om at trygden dekker utgiftene til sykepenger i arbeidsgiverperioden.»

2.2.4 Intensjonsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen)

Etne kommune er ei IA-bedrift. IA-avtalen sitt overordna føremål er

«Å bedre arbeidsmiljøet, styrke jobbnærværet, forebygge og redusere sykefravær og hindre utstøting og frafall fra arbeidslivet.

Delmål 1

Reduksjon i sykefraværet med 20 pst. i forhold til nivået i andre kvartal 2001. Dette innebærer at sykefraværet på nasjonalt nivå ikke skal overstige 5,6 prosent.

⁷ NAV: «Slik følger du opp sykemeldte».

<https://www.nav.no/no/Bedrift/Oppfolging/Sykmeldt+arbeidstaker/Relatert+informasjon/oppfolging-av-sykmeldte-arbeidstakere?kap=394783>

Delmål 2

Hindre frafall og øke sysselsetting av personer med redusert funksjonsevne.

Delmål 3

Yrkesaktivitet etter fylte 50 år forlenges med tolv måneder. Med dette menes en økning sammenlignet med 2009 i gjennomsnittlig periode med yrkesaktivitet (for personer over 50 år).

Partene understreker at de ulike delmålene må ses i sammenheng for å oppnå intensjon om et mer inkluderende arbeidsliv. Den enkelte IA-virksomhet skal på grunnlag av de tre delmålene i IA-avtalen fastsette egne mål for IA-arbeidet. Virksomheten skal så langt det er hensiktsmessig sette mål på alle tre delmål.»⁸

Som IA-verksemd forpliktar Etne kommune som arbeidsgjevar og dei tilsette i kommunen seg til å samarbeide systematisk for å oppnå meir inkluderande arbeidsplassar. Som IA-bedrift får kommunen tilgang til fleire verkemiddel, mellom anna utvida bruk av eigenmelding. Til gjengjeld innebær dette at:

- «• Partene i virksomheten forplikter seg til aktiv medvirkning i IA-arbeidet.
- Som ledd i HMS-arbeidet forplikter virksomheten seg til å fastsette og følge opp konkrete aktivitets- og resultatmål i sykefraværarbeidet. Arbeidsgiver skal sørge for et godt og inkluderende arbeidsmiljø i samarbeid og i tett dialog med tillitsvalgte, verneombud og øvrige ansatte.
- IA-arbeidet skal to ganger i året settes på agendaen som en integrert del av virksomhetens arbeidsmiljøarbeid hvor både ledelse, tillitsvalgte og verneombud er representert. Felles opplæring bør inngå for å oppnå omforent forståelse for IA-arbeidet.
- Virksomheten skal åpne for at personer som Arbeids- og velferdsetaten har avklart og som har et behov for utprøving, får utprøvd sin arbeids- og funksjonsevne i det ordinære arbeidsliv. Dette forutsetter at staten sikrer bistand gjennom økonomiske og kompetansemessige tiltak, samt annen tilrettelegging.»⁹

Det er utarbeidd ein eigen rettleiar til samarbeidsavtalen.

2.3 Kommunale styringsdokument og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium. Dette kan for eksempel dreie seg om kommunale planar, mål og retningslinjer for arbeid mot sjukefravær.

⁸ IA-avtalen 2014-2018, s. 3.

⁹ IA-avtalen 2014-2018, s. 5.

3. Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervju utvalde personar som arbeider med oppfølging av sjukefråvær i kommunen. Dette vil omfatte både administrativt tilsette, verneombod (ev. tillitsvalde) og leiarar som er ansvarlege for å følgje opp sjukemelde. Vi tar sikte på å gjennomføre ca. 4-5 intervju.

3.3 Elektronisk spørjeundersøking

Revisjonen vil sende ut ei elektronisk spørjeundersøking til alle einingsleiarar i kommunen (ti resultateiningar og fem støtteavdelingar, totalt 15 leiarar) for å få informasjon om korleis det blir arbeidd med oppfølging av sjukefråvær i deira einingar, kva som blir opplevd som spesielt utfordrande, og kva tiltak dei opplever at fungerer.

3.4 Gjennomgang av statistikk

Revisjonen vil nytte tilgjengeleg statistikk frå kommunen for å seie noko om utvikling av sjukefråvær i kommunen og kostnader knytt til sjukefråvær.

3.5 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei som har blitt intervju for verifisering. Det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli brukt i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til kommunen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen si høyringsuttale vil bli lagt ved den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er ansvarleg partner på oppdraget. Oppdragsteamet vil bestå av prosjektleiar Kari Gåsemyr (manager) og prosjektmedarbeidar Ingrid Kalsnes (seniorkonsulent). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med naudsynt kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal gjennomførast vil det ta totalt 250 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetallet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetallet som er presentert over.


Se vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Prosjektet vil kunne startast opp i mars 2017 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av september 2017. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det naudsynt at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir sett, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadene ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Etne kommune og Deloitte.

Bergen, 3. februar 2017



Stein Ove Songstad
Oppdragsansvarleg partner